



Miljødirektoratet
v/Statsforvaltaren i Rogaland
sfropost@statsforvalteren.no

30.04.2026

KLAGE – LØYVE TIL UTSETTING AV SITKAGRAN PÅ GNR 15, BNR 10 og 30 I HÅ KOMMUNE

Vi viser til sak 2025/14641, vedtaksdato 02.03.2026.

Abonnementsmelding frå Miljøvedtaksregisteret blei mottatt 11.04.2026. Vi reknar klagefristen frå denne datoen. Det har vore kontakt med dykkar sakshandsamar om dette.

Klazarorganisasjonane arbeidar spesielt med naturmangfald. Viss det er nærare spørsmål om vår klagerett, så kan vi svare på det etter førespurnad.

Vi meiner vedtaket bygger på feil føresetnader og dermed må gjerast om til avslag.

Vernskog

Vernskog er eit sentralt tema i denne saka. Næraste barskog er i vedtaket oppgjeve å vere 1,3 km unna, i form av leplanting. Det tyder at det er langt mellom barskogteigane i området. Det er forståeleg at det er ønskje om å plante skog der det er hogd, men treslag m.v. må det vere råd å vurdere nærare slik det følgjer av vernskogforskrifta § 2-4.

Det ser ut av flyfoto at det er flatehogd eit areal minst dobbelt så stort som omsøkte plantefelt. Vernskogforskrifta har i §2-3 bestemmelse om flatestorleik maksimalt 10 dekar. Mot vest og nord ser det ut til at det ikkje er sett igjen kantvegetasjon slik det er krav om i same paragraf. Mot sør står det kantvegetasjon, eit belte på ca. 10 meter, som er litt knapt.

Forskrifta seier i §2-2 noko om å hogge mot herskande vindretning. Det er vidare tale om ein kontinuitet i vernfunksjonen.

Hogsten no er ikkje i samsvar med vernskogforskrifta. Om det er søkt om dispensasjon eller ikkje har mindre å seie, det er faktisk utført arbeid som er avgjerande. Det vesentlege er at ein ved nyplanting etablerer ein ny skog på ein slik måte at desse avvika ikkje skjer igjen.

Naturvernforbundet
Mariboës gate 8
0183 Oslo
naturvern@naturvernforbundet.no

Sabima
Mariboës gate 8
0183 Oslo
sabima@sabima.no

WWF Verdens naturfond,
Pilestredet 8
0180 Oslo
wwf@wwf.no

Å plante 73 dekar med same treslag som vil utvikle seg ganske likt og føre til behov for hogst omtrent på same tid vil vere eit planlagt avvik. Det må ein unngå om det er mogleg.

Grunngjevinga no for hogst har vore påverknad av stormskade, råtesopp og tørkestress. Det nye bestandet vil i løpet av 50 år ganske sikkert bli påverka av storm og brann, eller noko anna ein eller fleire gongar slik at ein får skader og tørkestress. Den mest nærliggande måten å redusere slike skader på er ved å plante ein skog bestående av forskjellige stadeigne treslag og i ulik alder og utvikling.

Frå vernskogforskrifta:

§ 2-2 (hogstføring) Ein skal hogge frå lesida mot herskande vindretning. Etter hogst skal det stå att eit belte med skog, minimum 10 meter, eller ei trehøgde, breitt. I tillegg skal det ved hogsten bli tatt omsyn til jordbruk, bustadområde og friluftsliv, slik at le- og vernfunksjonen blir oppretthalde for desse.

§ 2-3 (flatestorleik) Maksimal flatestorleik ved snauhogst er 10 daa. Om flata ligg inntil eigedomsgrensa skal ein setja att eit belte med skog tilsvarande ei trehøgde mot naboen. Om ein hogg fleire flater skal minste avstand mellom dei vere 2 trehøgder. Flata kan ikkje utvidast før den nye skogen har nådd ei høgde på 2 m og ein har tilfredsstillande tettleik.

§ 2-4 (forynging) 2 Treslag og proveniensar skal godkjennast av skogoppsynet i kommunen. Dei skal vere serleg godt tilpassa lokalklimaet.

Fugl

Ofte er det slik at ein ønskjer opne areal for å få betre tilhøve for fugl, både når det gjeld hekking og næringssøk. I dette området er det så lite skog igjen at det kan vere skog det er mest mangel på. Det er difor viktig at skogen i dette området stellast på ein god måte. Skog som over store område er lik, og der alt blir hogd på ein gong, er ikkje optimal skog for fugl. Helst bør ein undersøke nærare kva skog som kan vere best eigna. Utan undersøking er blandingsskog av stadeigne artar det tryggaste som faglebiotop.

Kva plantar vi når vi har fjerna sitkagrana?

Aukra kommune i Møre og Romsdal har planta store mengde med barte som leplanting og noko som bestand. Mange av trea har etter nokre tiår blitt store. Dei har røter som øydelegg grøftene, og areal inntil plantinga let seg ikkje pløye. Det blir mykje skugge. Trea har stort vindfang og velter. Dei spreiar seg overalt. Motorsagene går. Svært mange er fast bestemt på å fjerne sitkagrana som oftast viser seg å vere lutzgran. Kva dei skal plante i staden? Det veit dei ikkje riktig. Men sitkagrana skal i alle fall bort. Kommunen tok saka på alvor. Det blei laga ein rapport.¹ Den syner mellom anna at det i le av leplantinga har kome opp ein god del lauvtre og nokre stader furu. Når dei no fjernar sitkagrana, har dei eit nytt lebelte bakom, med stadeigne treslag, når dei har sett nærare etter.

¹ [MU2019-23 Leplantefelt på Gossen.docx](#)

Vi trur at planting av sitkagran vil vere feil strategi. Ein oppnår ikkje det ein ønskjer, samtidig som risikoen for spreiding av frø vil vere til ulempe andre stader.

Naturrestaurering

Noreg har plikta seg til å restaurere ganske mykje natur dei næraste åra. Erstatning av utanlandske treslag med stadeigne artar er noko av det som må vere mest nærliggande å gjere.

Naturavtala:

MÅL 2

Sikre at det innen 2030 er iverksatt effektiv restaurering av minst 30 prosent av arealene med forringede økosystemer på land, i elver og innsjøer, langs kysten og i havet, for å forbedre naturmangfold og økosystemfunksjoner og -tjenester samt økologisk tilstand og sammenheng.

MÅL 6

Eliminere, minimere, redusere og/eller avbøte påvirkningen fra fremmede skadelige arter på naturmangfold og økosystemtjenester ved å identifisere og håndtere introduksjonsveier for fremmede arter, forhindre at prioriterte fremmede skadelige arter introduseres og etableres, redusere introduksjons- og etableringstakten for andre kjente eller potensielle fremmede skadelige arter med minst 50 prosent innen 2030, og utrydde eller kontrollere fremmede skadelige arter, især på prioriterte steder, for eksempel øyer.

Når ein skal praktisere lovverket kring skjøtsel av skogen, som forynging, må ein innrette dette etter Naturavtala. Det tyder at ein ikkje kan basere seg på å bruke utanlandske treslag. Det må leggst til grunn at bevaring av produksjonsgrunnlag må basere seg på treslag som fanst før utanlandske treslag blei tatt i bruk.

Krav om utsett iverksetting

Ein ber om at det ikkje blir planta ut noko før klaga er avgjort.

Med venleg helsing

Arnodd Håpnes

Fagleiar naturmangfald, Naturvernforbundet

Einar Wilhelmsen

Generalsekretær, Sabima

Sverre Lundemo

Seniorrådgivar, WWF Verdens naturfond